



: Hustufta etter Hergborgstova er godt synleg og murane er i god stand

**Øredalen er ein velkjend plass på Skorpo.**

**Stor skog og mykje vegetasjon gjer at ingen kan sjå plassen.**

**Vi tek turen gjennom tunet til Johannes Hauge, også kalla Oppe i Skorpo, og finn den gamle gangvegen fram til Øredalen.**



: [Den gamle gangvegen frå hovudbruket fram til Øredalen](#)

Målet med turen er å finna hustufta til Herborgstova og seinare finna stova att som stabbur på Sanden, på bruk 15 på Myklebust der Torfinn Mykelbust bur i dag.



: Herborgstova er i dag stabbur på bnr 14, Myklebust, på Sanden. Torfinn Myklebust og Eldbjørg Sivertsvoll eig bruket i dag Husmannsplassen Øredalen ligg vest for det gamle Skorpetunet. Namnet kjem av leiga for plassen.

Anders Olsson Helvik og Herborg Knutsdotter Myklebust fekk feste på Øredalen i 1820. Dei fekk tre born, men berre ei dotter, Herborg, lever opp.

Anders døyr alt i 1848 og kona flyttar med dottera då ho gifter seg med Gjert Gjertsson og festar Steinaneset. Øredalen er med dette lagt øyde.

Det kjem nye folk i Steinaneset og husmannsenkja Herborg flyttar truleg attende til Øredalen for ei tid. Då ho ikkje klarar seg åleine, flyttar Bertel B. Myklebust Herborgstova over til Sanden der Herborg får tilsyn og stell til ho døyr.

Torfinn Mykelbust fortel at stova stod nord for tunet i dag, på andre sida av bygdavegen som førte fram til nausta og kaiane på Sanden. Herborgstova vert seinare flytta og er i dag stabbur i tunet.

Segna om Trollkalven i Øredalen kjem vi attende til i eit eige innlegg.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal